



Arkiv nr: 362.1

Sak nr 04/2023

Møtedato: 22.02.23

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

Uttale til tomteendring og inngjerding av hyttefeste 871 - Vaset

Anne Christine Nordviste – eigar av hyttefeste 871 har søkt om endring av tomteareal på si hyttetomt. Den er i dag regulert med 1,4 daa, men er gjerda inn med 2, 5 daa. Dei ynskjer endra arrondering av tomta for å få plass til m.a. bål plass/platting – samt behalde eksisterande inngjerding. Dei ynskjer og å setje opp trådgjerde, som var der frå før.

Fig 1 syner rød strek som er forslag til ny tomtearrondering (grøn er godkjent tomtegrense), samt eksisterande gjerde vist med sort strek med prikkar:




Fig 1

Drøfting:

Ang ny arrondering av tomta innafor godkjent 1,4 daa:

Omsøkt ny arrondering (raud strek) ser ein ingen utfordringer med. Den avviker i liten grad frå eksisterande godkjent tomt (grøn strek). Det føresett at tomtearealet ikkje vert utvida.

Inngjerding av 1,4 daa (heile tomta) med trådgjerde.

Administrasjonen tilrår at ein fortsatt gjer skilnad på stolar og fritidsfeste. Dermed bør ein oppretthalde kravet om tregjerde på fritidsfeste.

Ang inngjerding av heile tomta på 1,4 daa, vil ein sterkt frarå dette. Dette kan gje store presedensverknader for tilsvarande saker og påverke nærområdet i for stor grad.

Det er vedteke kommunale reglar om inngjerding som gjer at denne tomta maksimalt kan gjerde inn 710 m² (500 m² + tillatt utnytting).

I nokre tilfelle har Statskog godkjent inntil 1000 m² inngjerding (på punkt feste), og i dei tilfelle med gamal bebyggelse som gjer at det vert vanskeleg å få alle bygg innafor tillatt inngjerding er ei viss auke forståeleg. Imidlertid er det her ført opp nye bygg (anneks) som gjer at det kanskje kunne vore mogleg å få tilpassa plassering slik at ein kjem nærare kravet om avgrensa inngjerding.

Administrasjonen tilrår av omsyn til likebehandling og fare for presedens at det uansett ikkje vert tillatt gjerde større enn 1 000 m². Det er ingen omsyn til tilliggande stølsjorde i dette tilfellet som gjer at det vert laga uheldige gjerdekonstruksjonar om ein ikkje gjerder inn heile den regulerte tomta.

Denne tomte ligg innafor eit areal som er innløyst av kommunen når det gjeld landbruksinteresser. Likevel er omsyn til friluftsiinteresser og predesens som kan overførast andre område med landbruksinteresser vektige argument mot auka inngjerding sett i frå administrasjonen si side.

Framlegg til vedtak:

Vestre Slidre fjellstyre er positiv til endra arrondering av tomt jfr tilsendt forslag med føresetnad at den ikkje overstig tidlegare godkjent areal. Av omsyn til friluftsiinteresser og predesens som kan overførast andre område med landbruksinteresser er ein negativ til inngjerding ut over 1 000 m2 i dette tilfellet. Det bør og oppretthaldast krav om tregjerde for fritidsbustader.

Vedtak:

Vestre Slidre fjellstyre er positiv til endra arrondering av tomt jfr tilsendt forslag med føresetnad at den ikkje overstig tidlegare godkjent areal. Av omsyn til friluftsiinteresser og predesens som kan overførast andre område med landbruksinteresser er ein negativ til inngjerding ut over 1 000 m2 i dette tilfellet. Det bør og oppretthaldast krav om tregjerde for fritidsbustader.

Samrøystes vedteke

Tilråding/uttale frå fjellstyret er ikkje enkeltvedtak jf. forvaltningsloven og det er derfor ikkje klagerett over vedtaket.

Vestre Slidre fjellstyre den 23.02.2023

Kenneth Monsen
sekretær

Kopi:
Statskog